

---

Vår referanse 2020/36729-3  
Dato 20.03.2020

---

BYGGMESTER KNUT HENANGER AS  
Mjåtveitstø 33A  
5918 FREKHAUG

## Førehandstilsegn - Endra bruk av avkjørsel - Fv. 5314 - Gnr. 312 bnr. 14 - ALVER kommune

Vestland fylkeskommune viser til søknad mottatt 11.01.2020.

### Vedtak:

Med heimel i veglova [§ 40](#) og [§43](#) gjev vi løyve til endra bruk av avkøyrsløse frå fylkesveg 5314 til eigedommen gnr. 312 bnr. 14 i Alver kommune.

Vilkåret for å gje løyve er at avkøyrsla vert opparbeidd i samsvar med våre krav under. Når avkøyrsla er bygd i samsvar med våre vilkår vil vi gje eit endeleg løyve til endra bruk av avkøyrsla.

### Vilkår:

Løyvet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964 og forskrift om retningslinjer for behandling av avkjørselssaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982.*

1. Avkøyrsla skal plasserast i tråd med situasjonskart vedlagt søknaden. I tillegg skal ein følgje krav til utforming (Prinsippkisse) som ligg ved. Krava er mellom anna:
  - a. Siktkrav er 4 x 45 m fri sikt. Det kan ikkje vere sikhinder i siktsona høgare enn 0,5 meter. Vi vurderer at sikta må utbetrast retning venstre i avkøyrsla (mot Holme) før vi gjer bruksløyve til bustad.
  - b. Svingradius skal vere 4 meter (8 meter i diameter). Svingradius skal markerast tydeleg med grøft, betongkant eller anna avvisande kant mot sideterrenget.
  - c. Avkøyrsla skal ha helling frå fylkesvegen slik at ein unngår vatn å renne inn i vegen. Vi er særleg opptatt av helling dei første 5 meterane, sjå prinsippkisse.
2. Løyvet gjeld endra bruk til bustadføremål.
3. Dersom det ikkje er snuplass der frå før, må det etablerast ein snuplass inne på eigedommen, slik at det ikkje blir nødvendig å rygge ut på offentlig veg.
4. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til riks-/fylkesvegen. Søkar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkøyrsløse, frisktsoner og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.
5. Dersom avkøyrsla går over ei veggrøft, må det leggjast eit røyr. Røyrret må vere tilstrekkeleg langt og leggjast slik at grøfta ikkje blir skadd, og slik at grøftevatnet får renne unna. Sjå *Krav til utforming av avkøyrsløse*.
6. Så snart avkøyrsla er ferdig bygd, må de ta kontakt med Vestland fylkeskommune. Avkøyrsla skal vere godkjend av Vestland før nye byggearbeid blir sett i gang.
7. Arbeidet må være starta opp innan tre - 3 - år etter at løyvet er gitt, viss ikkje fell løyvet bort.

8. Det er eit vilkår at Alver kommune gjev samtykke til bruksendring.

Eigaren eller brukaren av avkøyrsele har sjølv ansvaret for at *Krav til utforming av avkøyrsele* til kvar tid er oppfylt, mellom anna krav til friskt (jf. veglova § 43). Dersom krava ikkje er oppfylte, kan Vestland fylkeskommune trekkje tilbake løyvet.

Vi gjer merksam på at arbeidet med avkøyrsla kan krevje arbeidsvarsling og/eller graveløyve. Arbeidsvarsling skal handsamast av Statens vegvesen. Graveløyve vert handsama av Vestland fylkeskommune. For meir informasjon, sjå:

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/Arbeidsvarsling>  
<https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/loyve-og-dispensasjonar/grave-og-framforingsloyve/>

#### Bakgrunnen for vedtaket

Det er søkt om endra bruk av ein eksisterande avkøyrsele, frå fritidsbustad til bustadføremål. Vestland fylkeskommune skal i vurderinga leggje vekt på framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrsele frå. For å få godkjent endra bruk av avkøyrsla, må sikta retning venstre avkøyrsla, (mot Holme) vere utbetra i samsvar med dei krav vi har sett. Dersom avkøyrsla vert utforma i samsvar med gjeldande tekniske krav, har vi høve til å gje løyve til endra bruk.

#### Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart mottatt. Klageinstansen er den fylkeskommunale klagenemnda. Send klagen til Vestland fylkeskommune [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no), eller Vestland fylkeskommune, postboks 7900, 5020 Bergen.

Med helsing

Hege Løtveit  
Leiar

Tone Bøyum  
Senioringeniør

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift*

Kopi til: Alver kommune

Vedlegg: Prinsippskisse